

Det er sjølv sagt spanande og smigrande at ein uskedeling stiller opp i Melodi Grand Prix i år. Men Tore Sergei Myklebust har ein lang og tung veg å syngja seg igjennom viss han, partnaren og bandet skal komma vidare og kanskje nå heilt til topps med "Goodbye to yesterday" – i Oslo eller Helsingfors!

MGP-sirkuset startar altså med første delfinale i Alta 20. januar og det er der uskedelingen stillar opp og konkurrerer mot Torhild Sivertsen & The Funky Family, Infinity, Marika Lejon, Marianne Solberg og Stian Joneid.

Andre delfinale går 27. januar i Bodø og tredje og siste i Stokke i Vestfold 3. februar.

Dei to beste frå kvar av delfinalane går direkte til finalen i Oslo Spektrum 10. februar.

Men også to til får sjansen, for dei to nest beste i kvar delfinale kan få prøva seg i "Sistesjansen" 9. februar, altså dagen før den norske finalen.

Dei to som får flest røyster der kan slutta seg til dei seks som allereie er kvalifisert.

Ein av dei mest kjende deltakarane denne gongen er Trine Rein, som stillar opp saman med lillehamringen Andreas Ljones i delfinalen i Stokke.

Den eller dei norske deltakarane treng ikkje å reisa så langt denne gongen, berre til Helsingfors. Der er det semifinale 10. mai og finale 12. mai.

Det er ingen tvil om at Tore Sergei og Helle Grankel saman med Blue Moon Band får beinhard konkurranse heilt frå start. Allereie no nemner uskedelingen Torhild Siverstsen & The Funky Family og Infinity med stor respekt og innrømmer at dei er sterke kandidater til å gå rett til finalen i Oslo.

Av Ola Matti Mathisen